



Bær frå to verdsdelar i Uskedalen. I færre veka var også Sør-amerika representert,

Blåbær frå Marokko
Jordbær frå Spania
Bringebær frå Nederland

Det kan du no finna på SPAR i Uskedalen og framleis skriv vi berre februar. Korleis er det mogeleg? Det er mogeleg fordi det er BAMA som har leveransane, blir det hevda

Og kva er så BAMA?

125 år gamle BAMA er leiande i landet på frisk frukt og grønnsaker og har også vekt internasjonal merksemd. Det gjeld ikkje minst no, for tidlegare i vinter ofra bransjebibelen Eurofruit Magazine heile 8 sider på selskapet og resultatene det med rette kan skryta av.

Vi les at BAMA kontrollerer varestrøymen heilt frå produsent til forhandlar og forbrukar, noko som inneber store fordeler og mogelegheiter. BAMA har ein svært god modell for dette som gjev kvalitet og service begge vegar, I mange andre land har dei eit langt meir tungvint og komplisert system.

Den som slår dette fast er ikkje kven som helst, men sjefen for bransjebibelen, Chris White. Han meiner at BAMA har noko å læra bort til andre land . også fordi dei meistrar kunsten å kombinera det kommersielle med etikk og miljøomsyn. Og han er imponert over kor stort selskapet er i eit så lite land,

BAMA er tydelegvis ein viktig del av svaret på at ein landsens butikk som vår i Uskedalen kan halda eit så høgt nivå.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen